Retningsline for bruk av Copilot

Innleiing

Denne retningslina gjeld for bruk av chatbot-ar/språkmodellar, som Copilot.

Microsoft har lagt ein gratisversjon av Copilot i vårt Micosoft miljø med dedikert app som heiter Copilot + snarvegar frå Teams outlook mv., og me oppmodar tilsette om å nytta denne framfor andre og tilsvarande verktøy som krev innlogging.

Det er ikkje tilrådeleg å nytta språkmodellar som td Deepseek, utvikla i Kina. Det er manglande personvern i denne som gjer at heradet oppmodar tilsette å ikkje registrera seg og nytta denne.

Det er venta ei sterk utvikling, og herad oppmodar tilsette som er interesserte i å halda seg orienterte om utviklinga i den grad ein skal nytta desse verktøya. Les gjerne om temaet her:

Kunstig intelligens - Digi.no

Bruk av Chatbot/språkmodell som Copilot :

1. Ver kritisk til kva informasjon du legg inn
2. Bruk kommunen sin innlogging i Copilot - då vert informasjon som du legg ut ramma inn av kommunen sin løysing mot Microsoft.
3. Ikkje legg inn sensitiv/personsensitiv informasjon eller informasjon som omhandlar personleg informasjon om deg sjølv eller arbeidsrelatert informasjon frå til dømes intene dokument som ikkje er offentlege
4. Det er ikkje mogleg å ta tilbake informasjonen du har delt, og heradet har ikkje oversikt over korleis dette vert nytta av tenesta til seinare føremål
5. Utvis god og grundig kjeldekritikk
6. Mykje av informasjonen du får ut av bruken er god, men ofte kan det også vera feil. Svaret frå kunstig intelligens er ikkje nødvendigvis fasiten
7. Sett deg inn i Etiske retningsline for bruk av KI i kommunen.

Generelt er heradet positive til å ta i bruk kunstig intelligens i nye eller eksisterande løysingar, der dette er føremålstenleg. Men dette må vurderast opp mot dei krava som vert stilt til sikkerheit og personvern.

Ansvar

- Informasjonssikkerheitsleiar (CISO) er ansvarleg for innhaldet i denne retningslina.
- Alle som nyttar Copilot har ansvar for å følgja denne rettleiinga.

Resultat

Lågare risiko for tryggleiksbrotsom fylgje av god regulering av informasjonstryggleiken ved bruk av KI-løysingar.

Relaterte retningsliner

- Retningsline for informasjonssikkerheit i leverandørforhold
- Retningsline for bruk og aktivering av Kunstig Intelligens (KI)
- Etiske retningsliner for bruk av KI i kommunen

Referanser

- ISO 27002:2023 control ISO/IEC 23053:2022

Endringslogg

Dokumentversjon	Endringer	Endret dato	Endret av
1.0	NN	XX	NN